



MOLDE OG ROMSDAL HAVN IKS  
Hamnegata 8  
6413 MOLDE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

## Molde og Romsdal Havn IKS - Vedtak om løyve til mudring ved Storkaia i Molde

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Molde og Romsdal Havn IKS løyve til mudring ved Storkaia i Molde. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt.**

**Vi vedtek eit gebyr på kr 45 600 for sakshandsaminga.**

Vi syner til søknad av 17.03.2025, revidert 25.03.2025, frå Norconsult på vegner av Molde og Romsdal Havn IKS om løyve til mudring ved Storkaia i Molde.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Molde og Romsdal Havn IKS løyve til mudring frå fartøy ved Storkaia i Molde, gnr. 24 bnr. 1302. Løyvet er gjeve med heimel i *Lov av 13.03.1981 om vern mot forurensning og om avfall (forureiningslova)* § 11, § 16, og i medhald av *Forskrift av 01.06.2004 om begrensning av forureining (forureiningsforskrifta)* § 22-6. Statsforvaltaren har ved avgjerala og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulepper tiltaket elles vil medføre. Det er sett vilkår for løyvet. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring må difor føreliggje i god tid før endringa ynskast gjennomført.

At det er gjeve løyve fritek ikkje frå erstatningsansvar for skade og ulempa eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

### Bakgrunn

Norconsult Norge AS søkte 17.03.2025 på vegner av Molde og Romsdal Havn IKS om løyve til mudring frå fartøy ved Storkaia i Molde, gnr. 24 bnr. 1302. 25.03.2025 vart det send inn ein revidert versjon av søknaden med eit nytt estimat for mudringsmengde.



Det skal, jf. revidert søknad, mudrast om lag 600-800 m<sup>3</sup> massar frå sjøbotnen over eit areal på 1 200-1 500 m<sup>2</sup> ned til maksimalt 1 m ned i sedimentet. Mudringsmassane skal takast opp på lekter og fraktast med lastebil til deponi i Vestnes kommune for forureina massar.

Hensikta med tiltaket er å leggje tilhøva ved kaia betre til rette for større båtar då det er stadig større fartøy som kjem til kaia. Dette gjeld særleg cruisebåtar, og cruisetrafikken er viktig for hamna sin økonomi.

Det vart først oppgitt i søknaden at tiltaket var venta å ta om lag ei veke å utføre, inkludert mobilisering og demobilisering. 06.05.2025 informerte Norconsult om at anleggsperioden, tilrigging og de-rigging inkludert, truleg ville verte på opp imot fire veker.

### **Høyring og innspel**

Søknaden var på høyring til 25.04.2025. Her fylgjer ei oppsummering av innspela og uttalene vi fekk inn.

#### Fiskeridirektoratet (23.04.2025)

Fiskeridirektoratet skriv at dei tar saka til orientering, men med bakgrunn i ei fagleg prioritering ikkje gjev ei konkret høyringsuttale i saka. Dei syner til planrettleiing og kartverktøy på nettsida si for oversikt over mellom anna registrerte fiskeri- og akvakulturinteresser. Dei tar etterhald om at dei kan ha merknadar til saka seinare.

#### Sør-Norges Fiskarlag (25.04.2025)

Sør-Norges Fiskarlag skriv at dei forstår behovet for utvikling og tilrettelegging for næringsverksemd i hamneområdet, men peiker på at det er eit lokalt viktig gytefelt for kysttorsk, med stort tilbakehald av egg, der tiltaksområdet er. Fiskarlaget skriv vidare at området er særleg sårbart i gyte- og oppvekstperioden. Mudring kan medføre at finpartikulært materiale spreiasi i sjøen, og sedimentet kan innehalde kjemikalier og miljøgifter som kan påverke mellom anna gytande fisk og tidlege livsstadium.

Anleggsarbeidet er planlagd frå slutten av april til midten av mai [merknad: denne anleggstida vart oppgitt i søknaden, men vart seinare revidert], som er innanfor perioden der egg og larver frå gytinga framleis er til stades i vassmassane. Fiskarlaget syner til ei anbefaling frå Havforskningsinstituttet om å i størst mogleg grad leggje tiltak i gyte- og oppvekstområde utanfor perioden frå januar til juni.

Fiskarlaget anbefaler at det aktuelle mudringstiltaket ikkje gjennomførast før etter 1. juni for å unngå påverknad på egg- og larvefasen i gytefeltet, og syner til føre-var-prinsippet.

### **Statsforvaltarens vurderingar**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vurderer at det aktuelle tiltaket kan medføre forureining og anna miljøulempe og at det er naudsynt med eit løyve, jf. forureiningslova § 11. Mudring frå fartøy er forbode, jf. forureiningsforskrifta § 22-4, men det gjevest løyve etter søknad, jf. § 22-6. Vi har òg vurdert tiltaket etter bestemmingane i naturmangfaldlova § 8-12 og vassforskrifta.

### Forureining og partiklar

Mudring og andre tiltak i sjø kan medføre spreiling av miljøgifter og partiklar. Norconsult har på oppdrag frå tiltakshavar utført miljøteknisk sedimentundersøking ved tiltaksområdet, jf. rapport med oppdragsnr. 5240573, datert 11.11.2024. Det vart teke prøvar av overflatesediment i tre



stasjonar. Sedimenta er skildra i rapporten som generelt grove, beståande av sand med berre eit veldig lågt innhald av silt.

Miljøgelta antracen vart påvist i tilstandsklasse IV («dårlig tilstand», jf. Miljødirektoratets rettleiar M-608) i to av stasjonane og i klasse III («moderat tilstand») i stasjonen i nordaustlege del av området. Koppar vart påvist i klasse II («god») i ein stasjon men berre på bakgrunnsnivå i dei to andre. Botnstoffet TBT vart påvist i klasse II i to av prøvane. Ingen andre PAH-forbindinger enn antracen vart påvist over klasse II. Det er opplyst at det vart mudra om lag 1 800 m<sup>3</sup> i området i 2013.

Norconsult skriv at partiklar som virvlast opp under mudringa kan spreiaast både i retning aust og vest, men dei er ikkje antatt å ville spreie seg langt då sedimenta er grove. Dei anbefaler ikkje avbøtande tiltak for å hindre spreiening av partiklar eller miljøgifter.

Sjå seinare avsnitt for vår vurdering av behovet for avbøtande tiltak, overvakning og hensynsperiode.

#### Plast og anna avfall

Marin forsøpling er eit vesentleg problem langs Noregs kyst. Utfylling og andre tiltak i sjø kan føre til marin forsøpling ved til dømes spreiling av sprengtrådrestar frå sprengte steinmassar.

Det skal ikkje fyllast ut med massar under det aktuelle tiltaket i sjø ved Storkaia i Molde. Under vilkår 4.5 har vi sett nokre generelle krav til handsaming av eventuelt avfall under arbeidet.

#### Massedisponering

Det er oppgitt i søknaden at massane som takast opp frå sjøbotnen skal transporterast med lekter og lastebil til Vestnes Renovasjon sitt deponi for forureina massar i Vestnes kommune.

#### Naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. I vurderingane er det nytta informasjon frå høyningsuttalene, søknaden med vedlagt rapport frå Norconsult og informasjon tilgjengeleg i databasane GisLink og Fiskeridirektoratets kartverktøy. Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova.

I GisLink-databasen er det registrert eit større yngleområde ikring øyene Hjertøya og Seterøya, med ein avstand på ca. 700 m til tiltaksområdet på det nærmeste. Artsførekomstar i yngleområdet er oppgitt å være tjeld, fiskemåse, svartbak, makrellterne og raudnebbterne.

Ikring holmene Moldeholmen, Reknesholmen og andre holmer i området og i området ved Hjertøya og Seterøya er det registrert fleire tareskogførekomster, dei fleste med verdi «B». Dei nærmaste har ein avstand på om lag 1 km til tiltaksområdet. Mellom Hjertøya og Seterøya er det registrert eit større område med naturtypen *bløtbunnsområder i strandsonen*, med verdi «A», om lag 1,9 km unna tiltaksområdet på det nærmeste.

Moldeelva, som har utløp i overkant av 300 m frå tiltaksområdet, har registrert strekning tilgjengeleg for anadrom fisk (sjøaure og laks). Ved Lillevika, om lag 0,8 km vest for tiltaksområdet, er det utløp av ein liten bekk med registrert «lite potensiale for sjøaure» og «sannsynlig bekkørretbestand».

Friluftslivsområdet *Fannefjorden*, verdivurdert som «svært viktig», strekk seg frå Moldefjorden ikring tiltaksområdet og austover inn i Fannefjorden. Det dekker mellom anna strandlinja mot sentrum, som er betrakta som «generelt viktig for ferdsel, sjøliv og rekreasjon». Området er oppgitt å vere



iktig for småbåttrafikk og mykje nytta til padling, fiske og annan sjøaktivitet, med «særegne opplevelseskvaliteter». Også ved Hjertøya, Seterøya og Fårøya er det registrert friluftslivsområde, alle verdivurdert som «viktig» eller «svært viktig». Områda nyttast generelt til båttrafikk, bading, fiske og dykking. *Moldeholmene*, som omfattar Hjertøya og Seterøya og småholmene- og øyane ikring, har status som statleg sikra friluftslivsområde.

I Fiskeridirektoratets kartdatabase er det registrert eit stort gytefelt for torsk som dekker mykje av Moldefjorden og strekk seg vidare mot aust inn i Fannefjorden. Tiltaksområdet ved Storkaia er omfatta av dette gytefeltet. Feltet har gytefeltverdi 4 og er oppført som «lokalt viktig», med «noe egg» og «stor tilbakeholdelse av egg». Det er også registrert eit gytefelt for torsk og hyse mellom Seterøya og Fårøya, med ein avstand på ca. 2,5 km til tiltaksområdet på det nærmeste, og eit gytefelt for torsk og raudspette utanfor Årø lufthamn og vidare austover, om lag 5 km unna tiltaksområdet på det nærmeste. Torsken og hysa si gytetid er oppgitt til mars-april og raudspettas til mars-mai.

Fiskeplassar for aktive reiskap er registrert i Moldefjorden om lag 1,5 km unna tiltaksområdet på det nærmeste. Det er oppgitt at det fiskast etter sild med snurpenot/ringnot heile året i dette feltet. I same område er det registrert fiskeplassar for passive reiskap, der det fiskast etter torsk, sei, sild og lyr med settegarn eller juksa/pilk ulike tider på året. Fiskeplassar for passive reiskap er også registrert om lag 2,7 km mot vest frå tiltaksområdet og i området mellom Seterøya og Fårøya.

Nordaust for Hjertøya, i overkant av 1 km sør for tiltaksområdet, er det registrert låssettingsplass for sild og brising. Det er lagt inn ein merknad på denne registreringa om at plassen ikkje har vore i bruk dei siste 15-25 åra.

Det aktuelle mudringstiltaket ved Storkaia i Molde er relativt lite i omfang og ventast ikkje å medføre stor spreieing av partiklar då sedimenta er grove. Det er betydeleg avstand til dei fleste av naturverdiane- og fiskeriinteressene som er registrert i området. Vi finn det ikkje naudsynt med omfattande avbøtanlede tiltak mot spreieing av partiklar og miljøgifter under dette tiltaket. Tiltaket og handsaminga av muddermassar må utførast skånsamt, jf. vilkår 4.3 og 4.4, då all spreieing av miljøgifter og partiklar i utgangspunktet er uønskt.

Tiltaket skal utførast i eit større område der det er registrert gytefelt for torsk. Torskens gyte- og tidlege oppveksttid nemnast ofte som perioden frå februar og ut mai månad. Det er ikkje kjend om det er gyting eller oppvekst av torsk like i nærleiken til kaia som kan verte negativt påverka av tiltaket eller kor alvorleg ein eventuell påverknad kan vere. I sakar der det er mangefull kunnskap om skadelege effektar av eit tiltak, kan føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova nyttast, jf. § 9. I denne saka inneber det at det vert sett vilkår om at mudring i sjø ikkje skal utførast innanfor den sårbare tida for torsken, altså frå og med 1. februar til og med 1. juni, jf. vilkår 4.7 i løyvet. Tilrigging og nedrigging av utstyret kan utførast innanfor denne perioden så lenge det ikkje medfører nemneverdig forstyrring av sedimenta.

Det må gjerast regelmessig overvaking under tiltaket for å ha kontroll på partikkelspreieinga, jf. vilkår 5.1 i løyvet. Visuell overvaking er tilstrekkeleg. Dersom det observerast tilhøve som kan ha uheldig påverknad på miljøet, som vedvarande stor spreieing av partiklar, må det vurderast tiltak eller Statsforvaltaren kontaktast.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastinga som økosystemet vert utsett for. Det aktuelle tiltaket skal gjerast i eit bynært område med mykje preg av menneskeleg aktivitet. Tiltaket er òg lite i omfang, og vi kan ikkje sjå at det vil medføre eit vesentleg bidrag til den samla belastinga i området.



Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i tiltaksområdet dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltakets karakter og den eventuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekka eventuelle kostnadene av de avbøtande tiltaka slik dei er skildra i løyet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det er sett krav til bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skader på naturmangfaldet.

#### Vassdirektivet

Tiltaket skal utførast i vassførekomensten *Moldefjorden ved Molde* (ID: 0302012203-C). I databasen *Vann-nett* har denne vassførekomensten registrert moderat økologisk tilstand og därleg kjemisk tilstand. Som påverkar på vassførekomensten er nemnd mellom anna diffus avrenning frå by, flyplass og hamneaktivitet, fysisk endring som fylge av hamneanlegg, hydromorfologiske endringar på grunn av utfylling med massar og punktutslepp frå industri og reinseanlegg. Inngrep i ein vassførekomenst kan normalt ikkje tillatast, jf. *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta), dersom tiltaket vil medføre ein reduksjon av vassførekomenstens status. Det aktuelle tiltaket er lite i omfang og inneber at det vert teke opp lettare forureina massar frå sjøbotnen. Vi ser det ikkje som sannsynleg at tiltaket vil medføre nemneverdig negativ påverknad på vassførekomensten.

#### **Konklusjon**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev løyve til mudring frå fartøy etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra vurderer vi at tiltaket ikkje vil medføre forureining eller anna miljøulempe som er uakseptabelt stor samanheld med samfunnsnytta ved tiltaket.

#### **Erstatningsansvar**

Løyet fritek ikkje for erstatningsansvar for forureiningsskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

#### **Vedtak om sakhandsamingsgebyr**

Vi syner til vårt brev av 26.03.2025 med varsel om sakhandsamingsgebyr. Vidare syner vi til *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve.

Molde og Romsdal Havn IKS skreiv i e-post av 28.03.2025 at dei ikkje hadde nokre kommentarar til varselet om gebyrsats.

På bakgrunn av tid- og ressursbruken vår knytt til sakhandsaminga vert saka som varsla plassert under gebyrsats 6. Dette inneber at tiltakshavar skal betale eit gebyr på kr 45 600 for sakhandsaminga.

Faktura vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfall til betaling 30 dagar etter fakturadatoen.

Gebyrvedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga får ikkje oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert.

Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).



## Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga skal grunngjenvært, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Klaga skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort, jf. § 42 i forvaltingslova. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.

## Offentlegging av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. I tillegg til kunngjering i dagspressa, vil Statsforvaltaren kunngjere vedtaket på si eiga nettside, [www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal](http://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal), under «Kunngjeringar»

Dette er vårt forslag til tekst ved kunngjering i dagspressa:

*Molde og Romsdal Havn IKS får løyve etter forureiningsregelverket til mudring ved Storkaia i Molde. Det skal mudrast 600-800 m<sup>3</sup> massar for å leggje betre til rette for større båtar. Vedtak med løyve kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, [www.statsforvalteren.no/Mr](http://www.statsforvalteren.no/Mr), under «Miljø og klima» og «Kunngjeringar». Vedtaket kan klagast på innan tre veker.*

## Dataar og fristar

- Vedtaket skal kunngjera i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast oppstartsmelding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket settast i verk. Meldinga kan sendast til sakshandsamar på e-post [thomas.aurdal@statsforvalteren.no](mailto:thomas.aurdal@statsforvalteren.no).
- Løyvet er gyldig til 31.12.2026
- Målingar av kjemisk tilstand i sedimenta skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan 31. juli 2025
- Sluttrapport i tråd med vilkår 6.1 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan seks veker etter at anleggsarbeidet er ferdig.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
underdirektør

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:



1

Løyve til mudring

Kopi til:

MOLDE KOMMUNE	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
SØR-NORGES FISKARLAG	Postboks 936	6001	ÅLESUND
KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NTNU VITENSKAPSMUSEET	Erling Skakkes gate 47	7012	TRONDHEIM



## Løyve for Molde og Romsdal Havn IKS til mudring ved Storkaia i Molde

Løyvet er gitt i medhald av [lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall](#) § 16 og *Forskrift av 01.06.2004 om begrensning av forureining* (forureiningsforskrifta) kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikke nyttast før det øg føreligg eventuelle naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå dags dato og er gyldig fram til **31.12.2026**.

### Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Molde og Romsdal Havn IKS
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Hamnegata 8, 6413 MOLDE
Org. nummer (bedrift)	989 049 267
Lokalitet for tiltaket	Storkaia i Molde
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 24 bnr. 1302
Koordinater for tiltaket (UTM 32)	X: 405838, Y: 6957394
Kommune tiltaket utførast i	Molde

### Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>	Arkivnr.
2025.0365.T	1506.0289.01	4	2025/1969
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:	
06.05.2025	-	-	

Christian Dahl (e.f.)  
underdirektør

Thomas Aurdal  
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

<sup>1</sup> Miljømyndighetenes system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



## Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kva endring som er gjort
-	-	-	-

### 1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar mudring av om lag ca. 800 m<sup>3</sup> massar i eit område på opp mot 1 500 m<sup>2</sup> sjøbotn ved gnr. 24 bnr. 1302 ved Storkaia i Molde kommune.

### 2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 17.03.2025, med revisjon/oppdaterte opplysningar av 25.03.2025 og 06.05.2025, dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresettnadene gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Fylkesmannen har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne underveis i arbeidet skal arbeidet stansast og NTNU Vitenskapsmuseet kontaktast.

### 3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsysteem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene.



- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntrefte. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timer i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå anleggsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging» (T-1442/2021).

#### **4. Vilkår for mudringsarbeidet**

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden og i tråd med gjeldande regulering av området.
- 4.3 Det skal nyttast metodar for mudring som minimerer risikoen for spreiling av forureining. Mudring må utførast slik at minst mogleg vatn blandast med massane under opptak. Eventuelle tiltak for å fjerne vatnet frå dei mudra sedimenta må utførast slik at ikkje forureina partiklar spreia til miljøet.
- 4.4 All handsaming, transport og mellomlagring av mudringsmassar skal gjerast på ein slik måte at det i minst mogleg grad skjer spreiling av miljøgifter. Massane skal disponerast etter forureiningsgrad i tråd med gjeldande regelverk.
- 4.5 Det må gjerast tiltak etter behov for sikre at tiltaket ikkje medfører marin forsøpling. Eventuelt avfall frå arbeidet må samlast opp og leverast til godkjend mottak.
- 4.6 Tiltaket skal utførast under høvelege vind- og bølgetilhøve slik at det ikkje skjer uheldig spreiling av partiklar eller miljøgifter.
- 4.7 Mudring i sjø må, av omsyn til torskens gyting og tidelege oppvekstfase, ikkje utførast i perioden frå og med 1. februar til og med 1. juni. Tilrigging og nedrigging av utstyret som



skal nyttast kan utførast innanfor omsynsperioden så lengje det ikkje medfører nemneverdig forstyrring av sjøbotnen.

## 5. Kontroll og overvaking

5.1 Det skal gjennomførast kontroll og visuell overvaking av tiltaksarbeidet etter ei etablert rutine som er skildra i internkontrollen. Opplegget skal vere tilstrekkeleg omfattande til å avdekke eventuell uakseptabel spreiing av forureining frå tiltaket.

## 6. Rapportering

6.1 Det skal sendast sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Observasjonar frå overvakkinga og eventuelle avvik eller uheldige hendingar under arbeidet.

6.2 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (sjå rapport frå Norconsult med oppdragsnr. 52406573, datert 11.11.2024) skal registrerast i databasen **Vannmiljø innan 31.07.2025**. På databasen sine nettsider finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.